



# Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref  
2018/18/5/033

Dykkar ref:  
«REF»

Saksbehandlar  
Andrea Brennhaug

Dato  
09.02.2018

[andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no](mailto:andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no)

Møtestad: Bipsen  
Møtetid: 09:00 – 11:00  
Referent: Andrea Brennhaug

## Referat frå møte i Brukarrådet den 9. februar 2018

Sakliste:
Sak nr. 5/18: Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjenning av referat.
Sak nr. 6/18: Ordføraren var innbeden til møtet.
Saker som var drøfta:
- Utgreiing om spesialisthelsetenestetilbodet i Nord-Gudbrandsdal.
- Evaluering legevaktordninga.
- Tannhelsetenesta – tannregulering.
Sak nr. 7/18: Befaring 1 – 10 skulen.
Sak nr. 8/18: Endring i politisk organisering i Skjåk kommune – samanslåing av to hovudutval.
Sak nr. 9/18: Årsmelding for Brukarrådet 2017.

Sak nr. 5/18:  
Brukarrådet hadde ingen merknad. Referat godkjendt.

**Postadresse**  
Moavegen 30  
2690 Skjåk

**Heimeside**  
[www.skjaak.kommune.no](http://www.skjaak.kommune.no)  
**E-post**  
[post@skjaak.kommune.no](mailto:post@skjaak.kommune.no)

**Telefon**  
61217000

**Bank**  
2085.07.40004  
**Org.nr**  
961381096



Sak nr. 6/18:

Ordfører møtte i Brukarrådet og orienterte om punkta som var sett på saklista. Det vart snakka saman om dei forskjellige punkta, og det vart vist til felles formannskapsmøte for Nord-Gudbrandsdalen den 8. februar, der fleire av punkta hadde vore diskutert. Ordfører orienterte. Det var semje om at handlingsplanar for NGLMS såg positive ut. Det vart vedteke å behalde legevaktordninga slik ho er i dag under felles formannskapsmøte den 8. februar.

Sak nr. 7/18: Brukarrådet var på befaringsreise ved nyskulen. Dei var svært nøgde med det nye bygget.

Sak nr. 8/18: Sjå vedlagte sak frå e-phorte.

Sak nr. 9/18: Årsmeldinga samrøystes godkjent.

Leiar i eldrerådet har vore i kontakt med Reidun Aaboen og sagt at rådet ynskjer meir samarbeid med Brukarrådet. Dei to leiarane arbeider med saka.

Fylkeskonferansen blir i år halde 19. og 20. april.

Politiske saker som Brukarrådet blir bedne om å uttale seg om blir frå dette møtet handsama i sakshandsamarsystemet E-phorte.

Kopi til:  
Svein Holen